

Dato: 02.04.2026

Hovedinnslag:

**Førebuing pensjonistfest/
60-årsjubileum**

Klubben har planlagt to store arrangement denne våren, den årlege pensjonistfesten 28. april og 60-årsjubileet som er lagt til 19. juni, i kombinasjon med presidentskiftet.

Kvelden gjekk med til drøfting og planlegging av desse to festane.
ML

Dato: 09.04.2026

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presienten/Leiar Inner Wheel


Hovedinnslag:

Stad skipstunnel

Dette var eit fellesmøte i lag med Brattvåg Inner Wheel.

Torben Tødenes frå Kystverket fortalde om prosjektet som er gryteklart, men ventar på endeleg klarsignal frå regjeringa.

Det har vore mange humper på vegen, og spesielt har det vore



uklære signal frå myndigheitene. Kystverket meiner imidlertid denne tunnelen er viktig for kystfarten forbi eit vêrutsett

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presienten

Stadt. Ingen var usamd med han i det denne høgst interessante kvelden på Hautunet!
ML

Dato: 21.04.2026

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presienten

Hovedinnslag:

Pensjonistfesten

Dette året valde vi å leggje pensjonistefesten til Hautunet igjen. Ca 90 gjester fylte salen til randen. Presidenten ønskte alle gjestane frå øyane, Vatne/Tennfjord og Brattvåg m/omland velkomne til fest.



Jonny, Audun og Magne tok over og med gode historier, hyllest til avdøde Vidar Lønn-Arnesen og allsong sette dei den rette stemninga.



Evigunge Jostein Kvithaug las eigne dikt og fortalde sjølvopplevde historier frå svunne tider til høglytt latter i salen.



Det bugnande smørbrød/kakebordet m/loddsall vart neste innslag medan Elsa Farstad med sine dikt fekk latteren til å runge på nytt.



Etter treninga av lotteri-gevinstante, gjekk gjestene heim til sitt medan arrangørane rydda opp etter ein ny, fin fest!
ML

Dato: 28.04.2026

Stad: Bygdeparken

Møteleiar: Jorunn m.fl.

Hovedinnslag:

Dugnad i bygdeparken

Jorunn tok vel i mot oss dei andre i den gode dugnadsgjengen, og

plasserte folk på dei vanlege oppgåvene:

Samling av lauv, kvistar og anna rusk rundt om på heile kyrkjegarden. Ein traktor med tilhengar var rekvirert for å ta alt bort.



Etter eit par timar var alle fornøgde. Kyrkjegarden hadde fått eit betydeleg løft og var klar til å ta mot årets konfirmantar. Så vanka det kaffe og gode kaker i den flotte Lions-paviljongen.



Som vanleg: god stemning og alle var fornøgde. ML

Dato: 05.05.2026

Stad: Brattvåg IL klubbhus

Møteleiar: Audun

Hovedinnslag:

Brattvåg IL sitt nye klubbhus

Vår eigen Arne Vågnes, leiar i bygge-komiteen, tok imot oss og stod ansvarleg for presentasjonen.



Han fortalde oss om bakgrunnen og framdrifta av prosjektet. Byggetida har vore berre 9 månader. Brattvåg IL har fått opp eit staseleg bygg som vil tene klubben i mange år framover. Kostnaden ligg på omlag 55 millioner kroner. Bygget er framtidsretta og alt ligg til rette for at ein kan ta steget inn i Obos-ligaen.

Bygget er tilrettelagt for utleige med godt utstyrt kjøkken. Plass til omlag 100 personer.

Etter orienteringa vart det ei gruppevis synfaring leda av Arne Vågnes, Magne Lundemo og Ole Petter Aarsund

Ole Petter Aarsund orienterte om krav som fotballforbundet set til dei ulike nivå for å arrangere fotballkamper. Det vart eit krav om bedre fasiliteter for spele på høgare nivå.



Brattvåg IL har blitt ei bedrift med 26 tilsette etter kvart. Det vert store kostnader med å drive fotball på dette nivået- PostNord med mål om OBOS.

Takker for servering av kaffi og marsipankake frå Bakerinna. ThG

Dato: 12.05.2026

Stad: Hautunet

Møteleiar: Cathrine/Jorunn

Hovedinnslag:

Klubbmøte – førebuingar til ALTI-møte m.m.

Jorunn Ulstein Fjørtoft leda møtet i presidenten sitt fråvær.

Dagens hovudpost var tema rundt ALTI senteret i Brattvåg.

Johnny Helland hadde ønske om å ta 3- minutt. Tema hans var

relatert til dagens hovudpost, men med økonomisk vinkling med kontantar.

Han får inntekt av rorbuleige i kontantar. Utfordringa hans er at han må reise langt for å sette pengane på konto. Det finst ikkje mottak i banker eller butikker i nærleiken.

Sentralisering er det store stygge ordet i denne samanheng.

Hovudposten med senter i Brattvåg har same utfordringa.

Aktiviteten på senteret har minka og Jorunn hadde laga eit skjema med spørsmål til diskusjon om tiltak for å snu trenden i kommuna.

Det var lagt opp til diskusjon rundt bordet og ikkje venta å kunne dra slutninger.

Tema som vart belyst var interessa blant yngre, bygdene rundt og fogderi, innvandring og nasjonalitet og næringsliv i tillegg til netthandel. Konklusjoner vart ikkje dratt, men det kom fram at ein må finne positive vinklingar og få større breidde for å påvirke og snu trenden. Vi må alle bidra for å kome i mål med ei sterkare kommune. ThG

Dato: 19.05.2026

Stad: Hautunet

Møteleiar: Cathrine

Hovedinnslag:

Brattvåg småbåtforening

Denne veka fekk vi besøk av Helge Austnes frå Brattvåg Småbåtforening. Foreininga blei starta i 1965. Det var ein driftig gjeng med karer med «Hansgar-Lars» i spissen som entusiastisk sette i gong. Etter kvart er der lagt til rette for ca 160 båtplasser. Klubben har i tillegg gjestebrygge med fasilitetar, tankanlegg, klubbhus, Lygarbua, slipp, naust

og TareMare badstu, som er den siste store investeringa.



Her er det lagt til rette for at den som ønskjer det kan leige seg tid, enten til seg sjølv eller i grupper. I tillegg er det laga til adkomst til sjøen for den som ønskjer å ta seg ein dukkert. Badstua er blitt eit praktbygg til glede for mange.



Der kjem også ei mindre bobilparkering i området i nær framtid. «Lygarbua» er godt besøkt fra morgon til kveld . Vi vil gi stor honnør til småbåtforeininga for alle tiltak som er igangsatt dei siste åra, jonsokfeiring inkludert, til stor glede for båtfolket og oss alle!



Tusen takk til Helge Austnes for en fin presentasjon av eit flott anlegg!
ML

Dato: 26.05.2026

Stad: Hautunet

Møteleiar: Cathrine

Hovedinnslag:

ALTI i Haram

Først vart det avvikla eit ekstraordinært årsmøte med valg av innkommande president - Anne Marit Sønderland - valgt ved akklamasjon.

Dagens hovudpost ALTI i Haram. Senterleder Susanne Lunde Petersen presenterte ALTI i Haram. Ho orienterte om tankane dei har i tida framover og dei utfordringane dei har. Ho hadde også ein presentasjon av ALTI konseptet og utviklinga ein har hatt.



Eit kjøpesenter skal vere ein arbeidsplass, ein møteplass, ulike butikkar og stimulere til busetting i området rundt. Viktig å vere på lag og stimulere til utvikling i nærmiljøet rundt.

Det vart etter kvart ein dialog mellom Susanne og medlemmane i klubben om dei utfordringane senteret har. Tankar som kom fram var ladestasjonar ved senteret, Nille er heller ikkje gitt opp i forhold til etablering.

Samarbeid, samhandling og kommunikasjon med eksisterande aktiviteter i området.

Viktig å stimulere til positive tanker for å skape bedre holdninger og haldnings-skapende tiltak. Der har vi alle ein jobb å gjøre.

Tenk før du handlar. Viktig å skape omsetjing i forhold til utvikling.
ThG

Dato: 02.06.2026

Stad: Hautunet

Møteleiar: Cathrine

Hovedinnslag:

Presidentens møte/planlegging 2026/27

Referat fra Presidentforum:

Distriktstrukturen i Norge endres til 4 distrikt. Nytt klubbnr for Brattvåg er 2314.

Endel forandringer organisatorisk.

Nytt fra klubbene, bl.a. Brattvåg sitt bildeprogram ble rost.

Ønske fra distriktet at alle prosjekt i klubbene blir offentliggjort.

Klubbssaker:

Notkasting 9. juni ble gjennomgått og oppgaver fordelt.

Komiteene ble satt opp.

Opplegget for Jubileumsfesten er stort sett klart.
HG

Dato: 09.06.2026

Stad: Hautunet

Møteleiar: Cathrine

Hovedinnslag:

Notkast i Vadsetosen



22 fiskehungrige møttes ved Vadsetosen.



Kameratskapskomiteen hadde gjort alt klart, men fisket ble ikke helt topp.



Alle fikk imidlertid smake grillet aure og rikelig med loff og salat - og grillpølser med løk og ketsjup. Så det ble en hyggelig kveld.



HG

Dato: 19.06.2026

Stad: LAPASHUSET

Møteleiar: Ewa og Bjørn J.

Hovedinnslag: 60-årsjubileum/årsfest/ presidentskifte

Velkomstdrink og omvisning i Lapashuset, Brattvåg IL sitt nye klubbhus.



President Ewa ønsket gjester og medlemmer velkommen. Fortalte hva Rotary står for og virksomheter som de har. Hun gikk også gjennom hva som har skjedd i klubben i hennes presidentperiode. Overlot ordet tll møteleder som gikk gjennom kveldens program. Rolf Doran ledet an ved Kongens skål og Kongesangen

Trond Skjelten, Skjelt Ole-tunet, presenterte kveldens tre retters meny.



Musikalske innslag ved Frida Nustad og Ivar Holsvik.



Magne og Bjørn S viste bildesammendrag med kommentarer fra klubbens start til i dag.

Sanger og vitser mellom rettene. Audun Klev takket for maten.



Elin Skjelten Sønderland ble tatt opp som medlem i klubben.



Arne Vågnes ble tildelt Paul Harris Fellowship, Rotarys utmerkelse for samfunnsnyttig arbeid.



Ole Petter Årsund overtok som president og fikk presidentkjedet og ble informert om hva jobben går ut på.

Hilsener og gaver fra distriktet, naboklubbene og Brattvåg Inner Wheel.

Loddsalg til inntekt for drift av klubben. HG